

KJELDA

KONSEPTSKISSE:  
Kunnskapssenter og pilegrimstun  
ved den heilige øya Selja



*Ei øy er eit hjarte, seier nokre.  
Ei øy er einsam, seier andre.  
Selja er ikkje einsam. Ho har  
systrer spreidde rundt om i verda.*





## DEN HEILAGE ØYA MOT NORD

Somme stader i verda har noko forunderleg ved seg. Dei er transparente, på ein måte. Milde. Mektige. Rører ved deg med noko abstrakt som er så tydeleg at du nesten kan ta på det.

Øya Selja er ein slik stad. Trygt ved det lunefulle Stadhavet ligg ho, fylt med endelause lag av historier som tøyre grensene våre for skiljet mellom fantasi og rasjonalitet. Historiene fortel om vikingar, kongar, bispesete, kyrkje- og klosterstad, munkar og handelsmenn. Om prinsessa som kom som flyktning over havet, og som var forut for si tid i spørsmål om likestilling, ekteskap og religionsfridom. Ho som også vart landets første helgen, vår einaste kvinnelege helgen, og som gav opphav til kyrkja i Noreg.

I mellomalderen tiltrekte Selja menneske frå alle verdshjørne. Selja var kjent. Dette var ein stad der menneske møttest og knytte kontakt; ei levande hamn midt i skipsleia, i ei tid der havet var hovudfartsåre.


I vår tid er Selja ein stad for respekt og stillheit. Ei kjelde til kunnskap, og ein stad for ettertanke. Ein stad der vi gjennom alle årstider kjem i kontakt med fortida og den urørte naturen. Men vi har kanskje gløymt henne litt?

Ei øy er eit hjarte, seier nokre. Ei øy er einsam, seier andre. Selja er ikkje einsam. Ho har systrar spreidde rundt om i verda. Lindisfarne, Iona og Mont-Saint-Michel er kanskje dei mest kjende. Felles for dei er at dei er øyer, og at dei er heilage.

Og Selja, som for oss i Noreg er den heilage øya i vest, er for verda elles den heilage øya i landet langt nord.


# Eit felles formidlings- ansvar

Selja vert av mellom andre Riksantikvaren, Universitetet i Bergen, Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU), Opplysningsvesenets fond (OVF), kommunen og fylkeskommunen peika på som eit unikt kulturminne, både i nasjonal og internasjonal samanheng.



Slik kan klosterkyrkja og vestfløya ha sett ut før utvidinga på slutten av 1200-talet. Illustrasjon: Johan Meyer, 1892.

## Den heilage øya Selja



Modellen viser korleis ein ser føre seg at Selja pilegrimstun kan knytast opp mot framtidige planer for den heilage øya Selja, formidling av legenda, Selja kloster og etablering av eit kunnskapssenter.



Årleg vert det lagt ned store summar knytt til konservering, skjøtsel og forsking på Selja, og dei siste åra har det kome til mykje ny kunnskap om øya gjennom til dømes 3D-laserscan, fotogrammetri og historieforskning. Det er også konkrete planar om arbeid i tida framover, som arkeologiske utgravingar ved Sunnivakyrkja og georadarundersøkingar i klosterområdet. Det er eit felles ansvar å gjøre denne informasjonen tilgjengeleg for publikum, men initiativet må kome frå lokalt hald.

*«Det finst svært mykje materiale om og frå Selja, som forsking innan historie og arkeologi, konserveringsarbeid og også ein del gjenstandar, men vi har ingen stad der alt er samla og tilgjengeleg.»*

BJØRN JENSEN  
SELJE KOMMUNE/RIKSANTIKVAREN

Slik såg terrassen ved Sunnivahelleren ut før restaureringsarbeidet i mellomkrigsåra. Arbeidet, prisat til 800 kroner, vart utført av Cato Enger og lokale ungdommar.

Foto: Cato Enger, ca. 1930.

Behovet for eit kunnskapssenter i Selje var omtala allereie ved tusenårsjubileet for Selja og Dragseidet i 1996/-97, og det har i ettertid vore presentert mange idear og forslag til korleis eit slikt senter kan etablerast. Fylkeskommunen, Selje kommune og Visit Nordfjord peikar på Selja som eit viktig kulturhistorisk reisemål, og arbeider aktivt med eit utviklingsprosjekt der målet er at Selja skal vere eit fyrtårn for reiseliv i regionen innan 2030. Når Selja vidare er utvalt som ein av nøkkelstadene i den nyopna Kystpilegrimsleia, vil det i tida framover vere behov for eit større informasjons- og mottaksapparat for tilreisande.

Selje kommune undersøkjer derfor moglegheitene og interessa for å opprette eit moderne kunnskapssenter og eit pilegrimstun, gjerne i kombinasjon med eit regionalt pilegrimssenter. I den følgjande konseptskissa vert det lagt fram forslag til korleis dette kan verte.



# Selja pilegrimstun

Heilt sidan Sankta Sunniva i følgje legenda vart funne på Selja i år 996 har pilegrimar frå inn- og utland valfarta til den heilage øya.



Ved Selja pilegrimstun vil kaffien aldri vere langt unna. Er du heldig får du også smake på bakst etter prestefrue Sara Colds gamle oppskrifter.



For å ta i vare pilegrimstradisjonen ved landets eldste pilegrimsmål og også forventingane som er knytte opp mot dette, er det nødvendig å i større grad enn i dag legge til rette for gode opplevingar på og ved Selja.

Målet er derfor å etablere Selja pilegrimstun, eit informasjons- og besøkssenter for pilegrimar som planlegg eller er på reise. For tida vert det undersøkt om det om det er mogleg å nytte delar av Selje prestegard til dette.

## KORSIKTIG OG LANGSIKTIG PLAN

Selja pilegrimstun skal verte ein levande møtestad for pilegrimar. Her kan du få stempla pilegrimspasset ditt, møte andre pilegrimar og få tilgang til internett, sanitæranlegg og rimeleg overnatting i dormitoriet. Du vil bli ønskt velkommen av erfarne vandrarar med kunnskap om regionen og pilegrimsrutene i Noreg, og som gjerne deler tips og råd.

I påvente av etablering av pilegrimstun på prestegarden vert det no arbeidd for å få på plass Selja pilegrimsstove våren 2020. Dette vil vere eit rom, truleg i samband med den nye turistinformasjonen, der pilegrimar kan kome innom for å få stempel i pilegrimspasset, varme seg på ein kopp kaffi og planlegge ferda vidare. Ein er også i dialog med båtselskapet om rabatterte billettpisar for passasjerar som har med seg pilegrims pass.

Møte mellom menneske, og det å kunne dele erfaringar med andre pilegrimar, er for mange ein viktig del av reisa. Det vert derfor også arbeidd med å organisere pilegrimsvertskap på Selja, kanskje i ei roterande ordning i samarbeid med ulike pilegrimsfellesskap.

Selja pilegrimsstove, og på sikt Selja pilegrimstun, skal vere ein varm stad der alle pilegrimar kjenner seg velkomne.

Selja pilegrimstun har som mål å:

- vere med i utviklinga av pilegrimsleiene i distriktet
- formidle informasjon, gje rettleiing og leggje til rette for pilegrims- vandring
- jobbe aktivt for å etablere nettverk med regionale aktørar
- samarbeide tett med kommune, kyrkje, fylkeskommune, frivillelege lag, organisasjonar, museum med vidare for å stimulere til berekraftig reiseliv og verdiskaping knytt til pilegrimsleia



### SELJE PRESTEGARD


Selje prestegard har røter tilbake til mellomalderen, og er nemnt i skriftlege kjelder allereie i 1350. Etter reformasjonen vart prestegarden flytta til fastlandet, der han framleis ligg. Prestegarden er også i dag bustad for presten, og eigast av OVF. Hovudhuset som står i dag vart reist av allmugen i 1782-1784.

Av dei 25 husa som tidlegare stod rundt prestegarden er det i dag att seks bygningar. Selje prestegard vart freda av Riksantikvaren i 1991.



### PILEGRIMSMERKE I METALL

I 1937 vart det funne fem pilegrimsmerke i ei grav på Selja. Merka stammar frå mellom anna Italia, Frankrike og Nederland, og syner at pilegrimar kom langvegs farande til Selja. Foto: Universitetsmuseet i Bergen.



### PILEGRIMSMERKE RISSA I STEIN

I august 2019 gjenoppdaga arkeologar desse pilegrimsmerka i ein stein på Selja, rissa inn av pilegrimar for 500-800 år sidan. Illustrasjon: Johan Meyer, 1892.



# Kjelda – kunnskaps- senter for den heilage øya Selja

Kjelda skal vere eit moderne kunnskapssenter som gjennom engasjerande formidling i vakker arkitektur vekkjer interesse for historia om den heilage øya Selja.

Visjonen er klår: Vi skal sikre ei heilskapleg og sterk oppleving kring den unike kulturhistoriske skatten Selja.


Innhaldet i Kjelda skal vere tilrettelagt både for born og vaksne, og ein skal kunne få informasjon på ulike nivå. Dette inneber at det både skal vere mogleg å få ei lettfatta forståing av historia og å fagleg fordjupe seg. Senteret tek sikte på å samarbeide tett med planlagde Selja pilegrimstun, og vil elles vere ein sentral stad for å tematisk bygge vidare på historia som Sagastad formidlar om vikingtida.

I senteret vert det også planlagt ei eiga vitenavdeling som tek utgangspunkt i samtidsaktuelle tema frå legenda.

## PLASSERING

Noko av det mest særeigne med Selja kloster og helgenanlegg er den unike plasseringa. Ikkje berre er det uvanleg at eit kloster og eit helgenanlegg ligg så tett; det ligg også på den mest værharde sida av øya – urørt, isolert frå det moderne samfunnet og berre ein 15 minuttts båttur unna. Anlegget er frå førreformatorisk tid, og er derfor, i likskap med store delar av øya elles, automatisk freda. Det er urørt av moderne innretningar, og slik må det også halde fram å vere.


For å sikre berekraftig bruk, og i respekt for staden, historia og besökande, skal Kjelda kunnskapssenter ikkje byggjast på øya, men vere eit nytt bygg på fastlandet i Selje. Målet er å tilby ei heilskapleg og lett tilgjengeleg oppleving for dei besøkande. Det er derfor ønskeleg at bygget ligg i gangavstand både til Selja pilegrimstun og til kaia der Klosterbåten går.



Enkel konseptskisse for korleis eit bygg inspirert av helleren kan ta form.

## HELLEREN

Sunnivahelleren seiast å vere fødestaden til kyrkja i Noreg, eller som Sigrid Undset skriv, «Norges eldste kirketak». Det var her det heile byrja, og den karakteristiske Sunnivahelleren vil derfor vere inspirasjon for utforminga av bygget både i form og materiale. Sentrale stikkord her vert diagonalen og romopplevinga, stein og glas.



Kjeda kunnskapssenter, både utvendig og innvendig, skal komplementere Sunnivahelleren og klosteret, og såleis vere eit mjukt anslag til kva ein vil oppleve på øya. I prosessen skal arkitektar koplast på for å sjå på moglege tomter, og for å ta konseptet vidare med utarbeiding av konkrete teikningar for eit bygg inspirert av helleren.

## KJELDA KUNNSKAPSSENTER SKAL:

1. vere tileigna historia om Selja
2. samle og gjere tilgjengeleg det som finst av informasjon om og funn frå Selja
3. følgje International Councils of Museums (ICOM) sitt museumsetiske regelverk, og samarbeide med mellom andre Riksantikvaren, NIKU, OVF, fylkeskommunen, kyrkja, universitet og høgskular for å sikre at informasjonen til ei kvar tid er oppdatert og korrekt
4. vekke interesse for Selja spesielt og mellomalderhistorie generelt
5. vere ei kjelde til kunnskap, men også til undring, fascinasjon og ettertanke
6. vere ei bru mellom fortid og notid; eit naturleg første ledd i reisa til Selja
7. vere arena for arrangement, föredrag og kurs med varierte tema
8. ha ei vitenavdeling om samtidsaktuelle tema
9. vere med på å løfte fram reiselivet i regionen

## MÅLGRUPPER:

### LOKALT

Innbyggjarar, skular, barnehagar, næringsliv, lag, organisasjonar

### NASJONALT

Pilegrimar, menneske som er på ei personleg reise, familjø, kulturturistar, familiar, kunstnarar, skular, barnehagar, næringsliv, lag, organisasjonar

### INTERNASJONALT

Pilegrimar, menneske som er på ei personleg reise, familjø, kulturturistar, familiar, kunstnarar



# Stig inn i stemninga

Lys og undring, fakta og illusjon. Slik ein kan ause helsebringande vatn frå Sunnivakjelda, kan ei kjelde også vere noko ein kan ause kunnskap og hente inspirasjon frå.



Sjølv om Kjelda skal vere eit kunnskapsenter som gjer det mogleg å djupdykke i historia, skal senteret også invitere til noko meir.

I legenda var det lyset frå Selja som fekk dei forbipasserande handelsmennene til å undre seg, og som i sin tur førte til at Sunniva og Seljumennene vart funne i helleren. Hadde det ikkje vore for historia om Sankta Sunniva, ville nok historia om Noreg og mykje av det vi har rundt oss i dag også vore litt annleis. Medan utsida er inspirert av Sunniva-helleren er innhaldet derfor inspirert av kjelda: lyset.



Stig inn i stemninga på Selja før du kjem dit. Sjå legenda om Sankta Sunniva filmatisert. Opplev kor vakkert dekorert klosteret må ha vore i stordomstida, med søylegangar og detaljerte mønster uthogd i steinen. Finn ut om korleis munkane levde, om kva dei gjorde og åt og korleis livet var for innbyggjarane på fastlandet.

I Kjelda kunnskapssenter kan du få kunnskap om historia ved å utfordre sansane dine gjennom syn, lukt, smak og kjensle. Du kan oppdage små detaljar og store samanhengar, oppleve «umoglege» ting og få svar på spørsmål du i utgangspunktet ikkje visste at du hadde. Kanskje kan du lære noko av Sankta Sunniva sitt mot og borna si undring. Og kanskje ser verda litt annleis ut om du byter perspektiv?



#### INNHALDET SKAL DELAST I TRE HOVUDTEMA:

## 01.

### SANKTA SUNNIVA

- Legenda og ringverknadene av denne
- Helgenanlegget med Sunnivahola, Sunniva-kyrkja, terrassen og kjelda
- Kvinner sin posisjon i vikingtida og mellom-alderen
- «Rom for alle»
  - vitenavdeling som fokuserer på samtidige aktuelle tema i legenda

## 02.

### SELJA KLOSTER

- Etableringa og drifta av klosteret
- Byggestil og utviding av anlegget
- Livet som munk
- Klosteret si kontakt med omverda
- Arkeologiske funn
- Stordomstid og nedgangstid for klosteret

## 03.

### DEN HEILAGE ØYA

- Selja og andre heilage øyer
- Selja som pilegrimsmål
- Pilegrimstradisjonen i Norden og verda elles
- Selja som knutepunkt for skipstrafikken
- Selja i førkristen tid
- Høvdinggrava
- Kykkjestad, handelsstad og bispesete på Bø
- Livet på fastlandet
- Øvrige arkeologiske funn
- Kunstnarar som har late seg inspirere av Selja
- Restaurerings-, konserverings- og skjøtselsabeid

# 01.

# Sankta Sunniva

Legenda fortel om den gudfryktige kongsdottera Sunniva, som flykta frå Irland då ho mot sin vilje skulle giftast bort til ein heidensk vikinghovding. I ein open båt, saman med ei gruppe menn, kvinner og born, dreiv ho over havet og stranda på Selja. Legenda er ei levande forteljing om reisa over havet, om korleis prinsessa sökte tilflukt i ei berghole då Håkon jarl ville ta livet av henne og korleis Olav Tryggvason i år 996 fann henne: dekt av store kampesteinar frå eit ras, men like heil og fin. Med si urokkelege tru og sitt sjølvstende har Sankta Sunniva i over tusen år inspirert og trekt menneske frå ulike deler av verda til vesle Selja.

## Vitenavdelinga ROM FOR ALLE


Legenda om Sankta Sunniva er innom ei rekke dagsaktuelle tema, og Sankta Sunniva vert på mange område rekna som ei føregangskvinne. Senteret skal derfor romme ei eiga vitenavdeling som fokuserer på tema som mot, toleranse, likestilling, inn- og utvandring, flyktningskrisa og religionsfridom. Dette vil gjere senteret særleg aktuelt for born og unge i skule og barnehage, og vil også vekkje merksemeld nasjonalt og internasjonalt.

Sankta Sunniva vart landets første helgen og vår einaste kvinnelege helgen, og vert framleis feira med Seljumannamesse 8. juli. Sankta Sunniva er også vernehelgen for Bergen og Vestlandet, og vaktar særleg over dei sjøfarande.

I senteret får du sjå legenda framstilt i lyd og bilde, og du får informasjon om helgenanlegget med Sunnivahola, kyrkjene knytte til denne, terrassen, kjelda, pilegrimshistoria og ringverknadene som vart skapte av legenda.

# 02.

# Selja kloster




Illustrasjon: Johan Meyer, 1892

Med legenda om Sankta Sunniva fekk Noreg sin første helgenstad, året før kristninga på Dragseid i 997. Gjennom heile mellomalderen valfarta pilegrimar til den heilage øya, og i 1068 vart Selja sete for eitt av tre bispedøme i landet. Rundt år 1090 vart Selja kloster etablert, som eitt av dei første i landet.

I stordomstida var truleg Selja kloster like praktfullt utsmykka som andre kloster frå same tid, med søylegangar og vakre uthoggingar i steinen rundt vindauge og døropningar. Under reformasjonen vart klosteret nedlagt og plyndra, og dette er hovudårsaka til at Selja kloster i dag ligg i ruinar.

I senteret vil du få innblikk i korleis det heile kan ha sett ut i stordomstida og korleis munkane levde. Opplevinga av Selja kloster etter eit besøk ved Kjelda kunnskapssenter vil truleg verte ei heilt anna.



## 03.

# Den heilage øya Selja

Det er berre 50-60 år sidan havet var viktigaste transportåre, både når det gjaldt frakt av folk og gods. Selja, som ligg midt i skipsleia mellom handelsstadene Bergen og Trondheim, var hovudankringsplass for nord-sør-trafikken i landet, truleg heilt fram til 1700-talet. Øya var også eit knutepunkt for internasjonal skipstrafikk. Hit kom pilegrimar, kongar, biskopar, prestar, munkar, fiskarar og handelsmenn frå fjern og nær, og det vert sagt at om du stoppa på Selja, var du nesten garantert å møte kjentfolk.

På Bø var det fire storgardar og kyrkje-stad. Heilt fram til 1654 var det her kyrkja låg, og folket på fastlandet, også dei som budde i dei ytste bygdene på Stadlandet, måtte gå – og ro – til kyrkje på Bø. Det er naturleg å tenke seg at Bø òg må ha vore ein kaupang, og det var også her Olav den Heilage først gong sette fot på norsk jord.

Selja rommar historie også frå lenge før Sankta Sunniva og kristningsperioden i Noreg. Til dømes kan Sunnivahola ha blitt brukt som oppholdsstad allereie i steinalderen, og på høgda Ilshaugen ligg ei massiv høvdinggrav som enno ikkje er arkeologisk undersøkt.

I dag er øya Selja ei av desse unike, stille og heilage øyene som finst rundt om i verda. Faktisk er ho framleis eit lite katolsk bispedøme – og med sitt svært låge innbyggjartal, kanskje verdas minste.

# Kontakt

KOMMUNAL KOORDINATOR/RÅDGJEVAR:  
Gerd Fløde Bjørlo

KONSEPT, TEKST OG DESIGN:  
Blåmyra  
[www.blaamyra.no](http://www.blaamyra.no)

FOTO FRÅ SELJA:  
Helle Frogner  
[@hellefrogner](https://twitter.com/hellefrogner)

TRYKK:  
Tinde

Illustrasjonsfoto: Shutterstock og Unsplash

- KJELDER:
- [leksikon.fylkesarkivet.no](http://leksikon.fylkesarkivet.no)
  - Om Ruinerne paa Selje  
(Carl C. Werner & Co's Bogtrykkeri, 1892)
  - [riksantikvaren.no](http://riksantikvaren.no)
  - Selja (Selja forlag, 2012)
  - Selja kulturhistorisk handbok (Selja forlag, 1996)
  - Selje prestegard – Prestegarden gjennom 200 år  
(Selja forlag, 2015)



*«På Selja finner vi et av de mest  
unike sporene etter mennesker  
fra middelalderen, i noen av de  
vakreste naturomgivelsene vi  
har i landet.»*

JØRN HOLME,  
RIKSANTIKVAR 2009-2018

